

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.10.2019

SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/ Vidar Vie

SAKA GJELD: **Rapport fra internrevisjon - oppfølging av forskrift om leiring og kvalitetsforbetring**

ARKIVSAK: 2018/3108

STYRESAK: **083/2019**

STYREMØTE: **28.10.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek revisjonens rapport om oppfølging av forskrift om leiring og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta til vitende.
2. Styret sluttar seg til handlingsplanen slik den ligg føre.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har undersøkt i korleis føretaka i Helse Vest har følgt opp «Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta». Revisjonen syner at forskrifta har ført til endringar, men at det på fleire område framleis er forbettingspotensiale. Handlingsplanen som vert lagt fram for styret, inneheld tiltak for å svare ut funna i revisjonen.

Fakta

Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta har vore gjeldande sidan 1. januar 2017. Den tydeleggjer ansvaret toppleiinga har for å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere i verksemda, og utdjupar kravet om systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik.

Hovudkonklusjonen til revisjonen er at forskrifta har ført til endringar i internkontrollen, og at det er fokus på kvalitetsstyring i leiinga for føretaka. Men særleg innan risikovurdering og avvikshandtering, samt evaluering og deling av informasjon, i og mellom føretaka, er etterlevinga varierande.

Revisjonen har desse tre tilrådingane:

- *«Leiinga sin gjennomgang» bør bli fast praksis i alle føretak, også Helse Vest RHF.*
- *Resultata frå risikovurderingar bør bli samla hjå føretaka slik at ein får et totalbilde av risiko innan dei einskilde føretak. I totalbiletet bør oppfølginga av risiko gå fram.*
- *Det bør bli etablert prosessar som syter for at analysar av hendingar og forbetingstiltak kan bli delte på tvers av føretaka i Helse Vest.*

Den vedlagde handlingsplanen skal svare på korleis Helse Førde ønskjer å følgje opp tilrådingane.

Kommentarar

Internrevisjonsrapporten med tilrådingar, tek føre seg sentrale punkt i internkontrollen, og er eit viktig dokument med omsyn til status og læringspunkt etter innføring av den nye føresegna.

Kvalitetsstyringssystemet til Helse Førde er bygd opp med bakgrunn i den nye forskrifta, lovkrav og andre interne og eksterne krav, og i samsvar med «ISO 9001- 2015 Leiingssystem for kvalitet – krav». Tilrådingane frå revisjonen samsvarar med funn som vart gjort under etableringa av kvalitetsstyringssystemet i Helse Førde, og i helseføretaket sin eigen internrevisjon av systemet sist haust.

Sjølv om tilrådingane er generelle, så er det lokale læringspunkt i alle tre:

- «Leiinga sin gjennomgang» bør bli fast praksis i alle føretak, også Helse Vest RHF.

Helse Førde har gjennomført «Leiinga sin gjennomgang» tre gonger dei siste tre åra. Ved siste revisjon av kvalitetsstyringssystemet er det bestemt å føreta gjennomgangen i april kvart år. Gjennomgangen har framleis forbettingspotensiale både når det gjeld kva som skal gjennomgåast, korleis det skal skje og på kva måte organisasjonen skal involverast.

- *Resultata frå risikovurderingar bør bli samla hjå føretaka slik at ein får et totalbilde av risiko innan dei einskilde føretak. I totalbiletet bør oppfølginga av risiko gå fram.*

Leiinga skal til kvar tid ha oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt, eller mangel på etterleving av krav frå styresmakter og behov for vesentlege forbeteringar. Det finst ei rekkje system, både internt i Helse Førde, i Helse Vest og nasjonalt som på ulikt vis bidreg til eit samla bilet av status i verksemda. Det blir også gjennomført ei rekkje risikovurderingar kvart år på ulike nivå og med ulike metodar. Helse Førde har peika på behovet for eit IKT-system som kan gje oversikt over gjennomførte risikovurderingar. Målet bør vere å kunne få fram eit totalbilete i kvart føretak. I direktørsmøtet i Helse Vest er det avgjort å setje i gang eit regionalt arbeid på dette området.

- *Det bør bli etablert prosessar som syter for at analyser av hendingar og forbetingstiltak kan bli delte på tvers av føretaka i Helse Vest.*

Læring på tvers, både internt i føretaka og mellom dei, har vist seg å vere krevjande sjølv om det har vore fokus på dette over lang tid. Einskildhendingar viser at føretaka framleis har ein veg å gå på dette området. Også på dette området er det viktig og nødvendig med regionalt initiativ. Samstundes har Helse Førde ansvar for at dette skjer internt i føretaket, og vil kontinuerleg arbeide for å etablere og vidareutvikle arenaer for deling på tvers.

Sjølv om tilrådinga i stor grad peikar på behov for regionale initiativ og prosessar, så er det behov for ein handlingsplan for å sikre lokal oppfølging i Helse Førde.

Konklusjon

Internrevisjonsrapporten peikar på viktige forbettingspunkt for helseføretaka i Helse Vest. Det er behov for regionale og samordna aktivitetar for å svare ut alle tilrådingane. Samstundes er det viktig at Helse Førde heile tida har fokus på å forbetre eige kvalitetsstyringssystem.

Vedlegg:

1. Rapport internrevisjon Internkontroll i helseføretaka

2. Handlingsplan etter internrevisjon Internkontroll i helseføretaka